ALVER KOMMUNE

**Plan og byggesak**

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 07.03.2022 |
| Vår: 20/16792 - 22/18985 | larissa.dahl@alver.kommune.no | |

# Melombels bruksløyve - gbnr 477/93 seksjonar 1-4 4-mannsbustad med sportsbodar Solheim vestre

| | |
|---|---|
| **Administrativt vedtak:** | **Saknr: 246/22** |
| **Tiltakshavar:** | Helland Eiendom & Invest AS |
| **Ansvarleg søkjar:** | Arkoconsult AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om mellombels bruksløyve |

**VEDTAK**:
**Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for 4-mannsbustad med sportsbodar på gbnr gbnr 477/93 seksjonar 1-4 på følgjande vilkår:**

1. **Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket.**
2. **Ferdigattest skal liggje føre innan 31.08.22.**

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka 20/16792, datert 11.11.20.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering.
2. Delar av utstyr på badet og kjøkkenet i leiligheter 48 B, D.
3. Avfallsplan samla for heile området.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket: 4-mannsbustad med bodar.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: snarast mogeleg.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.02.22.

**VURDERING**
Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for [heile/delar] av tiltaket.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Austesundvegen 48 A, B, C og D 5938 Sæbøvågen |
| Bygningstiltak: | 4-mannsbustad med bodar |
| Bygningsnummer: | 300837098 |
| Bruksareal: | Seksjonar 1 (A)og 2 (B): 130,5 m2 kver; seksjonar 3(C)og 4 (D) : 79,1 m2 kver |
| Avløp: | kommunalt |
| Vatn: | kommunalt |
| Tal på røykløp: | 2 |

**Oppfølging av mellombels bruksløyve**
Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

**Regelverk**
- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/16792

Med vennleg helsing
Alver kommune

| | |
|---|---|
| Are Frøysland Grande<br>Avdelingsleiar | Larissa Dahl<br>Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helland Eiendom & Invest AS | Idrettsvegen 3 | 5936 | MANGER |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Arkoconsult AS | Postboks 103 | 5291 | VALESTRANDSFOS SEN |